

## Referat frå SMU/SU Foldnes skule 23.11.2023

### Medlemmar i SMU og SU ved Foldnes skule dette skuleåret:

#### **Frå elevrådet:**

Leiar: Mikal

Nestleiar: Alida

#### **Frå lærarane:**

Siren Lillebø

Linda Sæterlid

#### **Frå andre tilsette:**

Ann Elin Street

#### **Frå FAU:**

Leiar: Tonje Kyrkjeide Åsebø

Nestleiar: Serina

#### **Frå kommunen:**

Politisk representant: Ernst Einarsen

Rektor: Ragnhild Knudsen Magerøy

**Møtte:** Siren, Linda, Ann Elin, Mikal, Alida, Tonje, Marte, Ernst og Ragnhild

**Kontinuering:** Tonje Kyrkjeide Åsebø er leiar, Ragnhild Knudsen Magerøy er referent.

**Møterekke:** 15.02.2024 og 18.04.2024, SMU kl. 18.00 til 18.45 og SU 18.45 til 19.30.

### SMU:

**1. Skule:** Svar på avvik etter miljøretta helsetilsyn og prosessen vidare.

Skulen hadde avvik i høve:

1. Uteområdet; Fundamentet i ballbinge, samt drenering, manglar ved fallunderlag og dekke på ballplassen. 2. Manglande plan for vedlikehald. 3. Manglar ved internkontrollen (rutine alvorleg skulehending, førebyggjande plan for seksuelle overgrep og ROS -analyse av elevane sitt arbeidsmiljø).

Avvik etter miljøretta tilsyn er svart inn og tilsynet er avslutta. Skole må søke om ny godkjenning når arbeidet med uteområdet er ferdigstilt.

Oppvekstsjefen informerer om at det er avsett midlar til oppgradering av uteareala på Foldnes skule i investeringsbudsjettet for neste år, 4 millionar eks. mva.

Det er og avsett midlar til fasadeoppgradering av blått bygg, 800 000 og utskifte av tak på grønt bygg, 3,5 mill.

Drift var invitert til møte i høve informasjon om prosess og høve til medverking, men kunne ikkje stille. Det vert informert om at det vil vere mogeleg å komme med innspel i prosessen. Midlane som er avsett skal nyttast til utbetring av avvika. Tidspunkt for oppstart er ikkje sett, men det er ønske om å kome i gang med planlegging av prosessen i starten av året. Om det vert trong for å stenge skuleplassen vil vi få informasjon i god tid, slik at det kan planleggast tiltak.

Elevrådet har eit ønske om ulike leikeapparat bak rødt bygg.

Elevrådet, FAU og skule må sende inn innspel om at dei vil medverke i høve utarbeiding av uteområdet.

**2. FAU:** Bruk av «klassekassa» som tildelast klassane frå FAU.

FAU gir pengar til klassekontakten til å kunne kjøpe ulike ting. Same sum til alle klasser. Elevrådet ønsker ball, og at det er likt for alle klassar, samt at ballane er merka.

**3. Eventuelt:**

**Elevrådet:** Refleksaksjonen

FAU har oppmoda elevrådet om å støtte i arbeidet med aksjonen. Elevrådet skal ut i klassane måndag og informere om at det ikkje berre er konkurranse, men viktig å bruke refleks kvar dag, også i det vidare.

Erfaring så langt: Ikkje alle lærarar følgjer opp dette på morgonen, for komande år må ein oppdatere heimen undervegs på klassenivå om korleis bruken er t.d. kvar veke, samt at elevrådet kan etterspør undervegs i høve korleis det går i høve bruk av refleks.

**SU**

**1. FAU:** *Skolelyst* og utval med tanke på økonomisk utfordrande tider.

Grunna økonomisk situasjon lurar FAU på om ein berre burde gje tilbod om mjølk då tilval som er dyrare kan skape skilje mellom elevane. Elevrådet må ta diskusjonen og melde attende til SU for avgjere.

**2. FAU:** Deltaking på ulike arrangement for klassar.

Ulike arrangement som skule kan delta på, eks energimessa, Tinstafett og Lego League kick off på Vil Vite. Skulen er med på ulike aktivitetar og arrangement, og har som mål at 7. trinn skal delta på energimessa dette skuleåret.

**3. Skule:** Helsefremjande skule og markeringar som til dømes siste skuledag før jul og sommar (saka er i førekant drøfta i pedagogisk kollegiet og i FAU).

FAU tenkjer at det kan fortsetje slik det er, at det er resten av året kan vere utfordrande.

Skule tenkjer det same, og vil at det skal rammast inn i høve til kva, samt mengde på det som skal takast med.

**4. Skule:** Auka sats i høve matpengar i SFO (saka er i førekant drøfta i FAU).

FAU har ikkje fått negative innspel på å auke til kr. 120. Skule ser at det per no er det nok med å auke til kr. 110.

**5. Eventuelt:**

Kommunal representant fortel at det er forslag om kutt i budsjett i høve spesialundervisning på 2 millionar. Det er høyring i høve dette dei tre neste vekene.

**Neste møte:**

15.02.2024 kl. 18.00 til 19.30 i administrasjonen. SMU kl. 18.00 og SU kl. 18.45.

Ragnhild Knudsen Magerøy  
referent